

ÅRSMELDING 2021



**Kvinnherad
kyrkjelege fellesråd**

Foto: Marit Lindekleiv

- 1.0 Kyrkjeverje si innleiing**
- 2.0 Kvinnherad Kyrkjelege fellestråd**
 - 2.1 Fellestrådet sin samansetning**
 - 2.2 Kyrkjeleg fellestråd sine oppgåver**
 - 2.3 Møter i 2021**
- 3.0 Stab**
 - 3.1 Stab Kvinnherad kyrkjelege fellestråd**
 - 3.2 Prestesituasjonen**
- 4.0 Drift**
 - 4.1 Drift av gravplassar**
 - 4.2 Drift av bygg**
- 5.0 Økonomi**
 - 5.1 Drift**
 - 5.2 Investerings**
- 6.0 Aktivitetar i 2021**
- 7.0 Årsmelding frå trusopplæringa**
- 8.0 Sluttord**

1.0 Kyrkjeverje si innleiing

Kyrkjeverje legg med dette fram årsmeldinga for 2021 frå Kvinnherad kyrkjelege fellesråd. Tanken har slått meg når eg har samla stoff til meldinga: «det vert fort mykje pandemi dette her». Men slik må det bli. Årsmelding skal vera ei melding frå året som har vore og då har det vore mykje pandemi.

Vi må vera ærlege på at pandemien har vore krevjande på mange måtar. Til tross for dette har vi fått vore kyrkje for mange menneske og dette året. Sjølv om me har måtta omstilla oss har me hatt mange møte med menneske både personleg og digitalt via skjerm.

I høve til bygg og eigedom har 2021 vore eit særst aktivt år. Fleire stader er resultatet eit solid løft for det vi forvaltar av eigedom. Dette har ikkje minst vore mogeleg sidan vi har motteke gåver og at det er noko av det som ikkje har blitt påverka av pandemien. Dette vil ein sjå nærare omtale om seinare i meldinga.

Antal gudstenester og kyrkjelege handlingar vert ikkje omhandla i årsmeldinga. Dette er rapportert i det einskilde sokn sin årsstatistikk.

Kyrkjeverje vil nytte høve til å takka alle medarbeidarar i staben og i fellesrådet, prestar og prost for samarbeidet i året som har gått. Også kommunen fortener ros for godt samarbeid. God dialog og gode felles løysingar er erfaringa vår frå det samarbeidet.

2.0 Kvinnherad Kyrkjelege fellesråd.

2.1 Fellesrådet si samansetjing

Kvinnherad kyrkjelege fellesråd er samansett av ein representant frå kvart sokneråd. I tillegg er ein representant oppnemd av biskopen og ein representant utpeikt av Kvinnherad kommunestyre. Leiar og nestleiar skal veljast kvart år. I 2021 har Terje M Enes vore leiar og Liv Slettemark har vore nestleiar.

I 2021 har fellesrådet fylgjande samansetning:

Namn på representantar	Sokneråd
Janicke Eide	Fjelberg og Eid
Tone Boland Johansen/ Lillian Eikeland	Hatlestrand
Liv Slettemark	Husnes og Holmedal
Ingo Bewer	Kvinnherad
Eli Roseth Eik	Uskedal
Haktor P. Aakre	Varaldsøy
Terje M Enes	Ænes
Grethe Marion Revne	Ølve
Oddrun Berge	Åkra
Svein Arne Theodorsen	Biskopen
Torgils Samland Våge	Kvinnherad kommune
Namn på vararepresentantar	
Kristin Isdal Eide	Fjelberg / Eid
Solgunn Lyhammer Ask	Hatlestrand
Toril Byrkjeland Tjelmeland	Husnes / Holmedal
Leiv Magne Siqveland	Kvinnherad
Hallgeir Snilstveit	Uskedal
Torbjørge Øye	Varaldsøy
Kari Eikeland Enes	Ænes
Airin Helen Zimmer	Ølve
Erik Johan Furdal	Åkra
Jan Ove Totland	Prestane
Lise Røyrvik	Kommunen

2.2 Kyrkjeleg fellestråd sine oppgåver. (Kjelde: kirken.no)

Det er soknerådet som opptrer på vegner av soknet dersom ikkje anna kjem tydeleg fram i lova eller kyrkjeordninga. I kyrkjeordninga § 17 er det slått fast at kyrkjelydane gjennom fellestrådet skal samarbeide om visse oppgåver (innanfor kommunen). Dette gjeld:

- Administrative og økonomiske oppgåver, t.d. koordineringa av budsjettarbeidet på vegner av kyrkjelydane.
- Mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. I dette ligg det bl a å koordinere planane kyrkjelydane har for si verksemd, og å sjå dette i høve til tilgjengelege ressursar.
- Arbeidsgivaransvar (tilsetjingar, ledelse, arbeidsmiljø, stillingomtalar osv.)
- Fremje samarbeid mellom sokna og ivareta ansvaret sokna har overfor kommunen.

Fellestrådet legg tilhøva til rette og hjelper til med å organisere arbeidet i kyrkja lokalt på ein best mogleg måte. Fellestrådet har på mange område fått fullmakt til å gjere sjølvstendige vedtak på vegner av sokna. Det vil utfordre sokna til samarbeid og kompromissløyser. Fellestrådet vil vidare vere viktig som talerøyr for den felles strategien i kyrkjelydane, og for prioriteringar og økonomi overfor kommunen.

Kyrkjeordninga § 17 gir desse konkrete oppgåvene til fellestrådet:

- Bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjeinventar og gravplassar.
- Framskaffing og drift av kyrkjelyds- og preste kontor.
- Framskaffing av lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring, også tilrettelegging for funksjonshemma
- Forvaltning av arbeidsgivaransvaret gjennom å
 - opprette/nedleggje stillingar
 - tilsette/seie opp arbeidstakarar
 - ivareta partsansvar (inngå og seie opp tariffavtalar)
 - ledelse og arbeidsmiljø
 - utøve styringsrett over felles ressursar.

Forvaltninga av den felles økonomien

- midlar frå kommunen
- midlar/tilskot frå staten
- tilskot frå bispedømerådet
- midlar som sokneråda overlet til fellestrådet
- inntekter og formue knytta til fond gaver, arv mv til kirkebygg, stillingar osv.
- Administrativ hjelp for prostens når staten gir tilskot til det.

2.3 Møter

Kvinnherad kyrkjelege fellesråd har i 2021 hatt 5 møter. I tillegg har kyrkjevevje og arbeidsutvalet hatt noko dialog utanom møta. Rådet har handsama i alt 24 saker. Det er til vanleg lagt opp til 4 årlege møte, men ettersom vi ved inngangen av året fekk ein krevjande økonomisk situasjon med reduserte rammer valde kyrkjevevje saman med leiar å kalla inn til eit ekstra møte i januar for å justere budsjett å gjere grep som fekk verknad for heile, eller det meste av året. Seinare i meldinga vil de sjå at dette var heilt avgjerande for å kunne styra mot budsjett.

På grunn av covid-pandemien har 4 av 5 møter vore digitale møter. Sjølv om det ikkje er det same som å møtast er digitale møte eit godt alternativ. Stort sett har gjennomføringa gått greitt til tross for nokre tekniske utfordringar.

I tillegg til «vanlege driftssaker» er det verd å merka seg fylgjande saker frå 2021:

Sak 5/21: Det er vedteke å opparbeide namna minnelund på Eid gravplass. I same vedtak vart det og bestemt at det skal opparbeidast minnelund ved alle gravplassane som er tilknytt ei kyrkje.

Sak10/21: Det vart bestemt at det skulle etablerast felles kyrkjelydsblad for heile kommunen.

Sak 11/21: Kvinnherad kyrkjelege fellesråd mottok vel 1,6 million i samband med aksjesal frå Fjelberg kraftlag. Desse pengane er sett av på fond og øyremerka fellesrådet til bruk for energisparande tiltak.

Fellesrådet har sendt inn høyringsuttale om kyrkjeleg organisering. Staben og fleire medlemmer i fellesrådet var hausten 2021 på informasjonssamling kring dette tema på Stord hotell.

3.0 Stab

3.1 Stab Kvinnherad kyrkjelege fellesråd

Pr. 31.12.2021

Det har vore nokre mindre endringar i staben i 2021. Nokon i små stillingsprosentar (reinhald) har slutta, og då har vi løyst dette på annan måte. I tillegg til det har Ingrid Sundal gått attende til sin 80 % faste stilling når ein i 2021 har hatt kyrkjevevje på plass. Pr 31.12 talde staben til saman 13,76 årsverk mot 14,75 årsverk same tidspunkt året før. Det betyr at staben i 2021 er redusert med om lag eit årsverk eller 6,8 %. Noko av dette må vi erstatta med engasjement, men det ligg noko innsparing her.

Administrasjon:

Torstein Aarhun	Kyrkjevevje/ dagleg leiar	100 %
Ingrid Sundal	Konsulent	80 %
Grethe Svalland	Sekretær	80 % (inkludert kyrkjetenar på Fjelberg og klokkarteneste)

Kyrkjemusikk:

Eva Megyesi	Kantor	70 %
Marit V Lindekleiv	Organist	90% (+ 10% i trusopplæring)
Rebekka Attramadal	Organist	32%

Gravplassmedarbeidar/kyrkjetenerar (større enn 20 % stilling) :

Alf Jarle Langeland	Fagarbeidar /Arbeidsleiar	100 %
Idar Bjørgen	Fagarbeidar	100 %
Helge Furdal	Fagarbeidar	100 %
Johannes Solheim	Kyrkjetenar/gravplassmedarbeidar / reinhaldar	100%
Tone Boland Johansen	Kyrkjetenar /reinhaldar/ klokke	42,5%
Jostein Bjørnevik	Kyrkjetenar/gravplassmedarbeidar	27 %

Anna kyrkjelydsarbeid:

Jan-Ove Fargerheim	Dagleg leiar kyrkjelydsarbeid	100 %
Oddbjørg Heimark	Kyrkjelydssekretær	100 %

Trusopplæring

Kristine Hestad	Einingsleiar trusopplæring	80 %
Toril Langeland	Trusopplæringsmedarbeidar/ Einingsleiar*	80 %

*Grunna sjukdom har Toril Langeland fungert som einingsleiar store deler av 2021.

Ut over dette har vi no 10 personar som har eit tilsetjingstilhøve på under 20 % i ulike roller. Dette gjeld t.d reinhald, kyrkjetenar og klokkarar.

Nokon har og arbeid i kyrkjeleg fellesråd i engasjement utan fast stillingsprosent, men vert betalt for kvar utførte time.


I pandemien har vi gjennomført dei fleste møta i staben elektronisk. 2021 har vore eit år kor ein båda har opplevd gjenopning og nedstenging. Saman med staben hadde vi to samlingar som det var fint og viktig å gjennomføre. I juni hadde vi ein stabsfest der vi markerte at organist Reidar Algerøy hadde slutta og at Erling Niclasen hadde slutta som kyrkjuverje. I november gjennomførte vi ein julemarkering kor vi markerte at Jan Ove Anders Høines Totland vart pensjonist og at Carsten Mrusek og Kjetil Kringlebotten starta i nye oppgåver.

Leiar har hatt medarbeidarsamtale med alle som har minst 50 % tilsetjing.

3.2 Prestesituasjonen

Kjersti B Boge og Jan Ove Anders Høines Totland har vore fast tilsett heile 2021. Totland valde å gå av med pensjon ved årsskiftet 2021/2022 og tok ut noko avspasering /ferie siste del av 2021.

Fram til han hausten 2021 overtok som sokneprest i Fjelberg og Eid sokn og Åkra sokn, var Carsten Mrusek tilsett som vikar. Vikariatet var då knytt til Uskedal og Åkra sokn. Frå same tidspunkt vart Kjetil Kringlebotten tilsett som vikarierende sokneprest i Uskedal sokn og Ænes sokn.



Carsten Mrusek vart innsett som sokneprest 28.nov. Her frå si fyrste preik til kyrkjelyden i Eid.

Åse Selsvold har heile 2021 vore prestevikar i Husnes og Holmedal sokn.

Svein Arne Theodorsen har vore prost i Sunnhordland prosti heile 2021.

Prestane sit i soknerådet der dei er sokneprest, men har fordelt tenestevøkene mellom seg. I tenestevøkene har dei hovudansvar for gravferd og gjer då teneste i alle sokn.

Pr 31.12 var prestesituasjonen for dei ulike sokna slik:

Fjelberg og Eid sokn	Sokneprest Carsten Mrusek
Åkra sokn	Sokneprest Carsten Mrusek
Husnes og Holmedal sokn	Prestvikar Åse Selsvold
Uskedal sokn	Vikarprest Kjetil Kringlebotten
Ænes Sokn	Vikarprest Kjetil Kringlebotten
Kvinnherad sokn	Sokneprest Kjersti Brakestad Boge
Hatlestrand sokn	Sokneprest Kjersti Brakestad Boge
Varaldsøy sokn	Sokneprest Kjersti Brakestad Boge
Ølve sokn	Sokneprest Kjersti Brakestad Boge

4.0 Drift

Kyrkjeleg fellesråd driftar og held ved like om lag 90 mål gravplass og 12 kyrkjer med tilhøyrande driftsbygningar, toalettbygg og bårerom. I tillegg til reinhald og rydding krev eigedommane generelt vedlikehald er det og trong for større reperasjonar eller utbetringar med jamne mellomrom.

I hovudsak har vi fire tilsette som gjer mesteparten av dette i tillegg til at dei og er kyrkjetenerar og gravarar ved gravferder, gudstenester og kyrkjelege handlingar.

I tillegg til det kontinuerlige arbeidet vil kyrkjeverje i denne meldinga peika på fylgjande:

4.1 Gravplassar

1. Ferdigstilling av utviding ved Eid gravplass

Dette var eit arbeid som var starta før årsskiftet, men som vart ferdigstilt våren 2021. Kort fortalt er dette ei utviding som ikkje er geografisk utviding som er synleg på kart. Her har ein heva terrenget og ramma inn med natursteinsmur. Bakgrunnen for dette er at det ved Eid gravplass er dårleg jordsmonn. Når terrenget er heva kan ein nytta gravplassen på nytt utan å koma ned i dei gravene som var der frå før.

Det er Halsnøy trelast A/S som har hatt hovudansvar for denne jobben, og saman med Sau & sånt som var underleverandør har dei gjort ein god jobb og vi har fått ein flott gravplass for dei næraste åra.



Frå overtaking av gravplassutvidinga ved Eid kyrkje.

Etter at utvidinga var på plass stengte staben kontoret ein dag og arbeidde i lag med å få på plass gravsteinar og planter. Dette vart ein sosial aktivitet som og gjorde at travle kyrkjegardsarbeidarar fekk hjelp i ei travel tid.

Prosjektet vart finansierte som eige prosjekt gjennom kommunen.

2. Utviding av Varaldsøy gravplass

Gravplassen på Varaldsøy har lenge hatt behov for utviding. Dette har vore påkrevd over år, men har diverre ikkje vorte prioritert. Utviding av gravplassane er til vanleg eit prosjekt som vert leia av kommunen si prosjektavdeling og finansiert gjennom investeringsbudsjettet til kommunen.

Vi såg at vi nærma oss smertegrensa her, og det var mest ikkje doble graver igjen. På bakgrunn av dette vart det, innanfor driftsbudsjettet, starta eit arbeid for å få på plass ei utviding av gravplassen på Varaldsøy. Her vart planter og trær fjerna, det vart arbeidd med jorda og plassert ned nye fastmerke slik at den nye delen no er klar for bruk.

Med denne utvidinga har vi truleg nådd det antal graver som det er trong for på Varaldsøy.

3. Arbeid med minnelundar

Kvinnherad kommune har over 3 år sett av kr 600 000,- kvart år til etablering av minnelundar. Vi har som ambisjon at dette skal halde til minnelund ved alle gravplassane som er knytt til ei av kyrkjene våre. Dette året er ingen nye minnelundar opna. Årsaka til dette handlar om kapasitet. Vi har likevel arbeidd med prosjektering av fleire minnelundar. Minnelund ved Eid gravplass vart godkjent hausten 2021. Her er oppstart sett til februar 2022.

4.2 Bygg

Kyrkjeleg fellesråd har mange og store bygg å halde ved like. I hovudsak er dette 12 kyrkjer med eit aldersspenn frå 1200-talet til 1900-talet. Mindre vedlikehald går over driftsbudsjettet til kyrkjeleg fellesråd, medan større vedlikehaldsprosjekt går over midlar som er øyremerkte vedlikehald av kyrkjer utanom det vanlege driftsbudsjettet.

Det kan og nemnast at det hausten 21 var branntilsyn i 11 av 12 kyrkjer. Dei aktuelle avvika er lukka.

Utanom vanleg drift har vi mellom anna arbeidd med fylgjande prosjekt dette året:

1. Renovere sakristi – Kvinnherad kyrkje

Sakristiet framstod rotete og lite tenleg. Det har vore eit sakn og ha eit møterom der prestar og andre kunne ha samtalar og møter. Sakristiet har difor fått ei solid oppgradering. Her har det kome nytt golv og ny innreiing som gjer dette rommet tenleg til meir allsidig bruk. Sjølv om sakristiet er eit tilbygg og ikkje ein del av middelalderkyrkja treng det naudsynt godkjenning frå riksantikvaren.

Oppgraderinga er utført av eigne tilsette.



Sakristiet i Kvinnherad kyrkje slik det framstår i dag

2. Skifte av varmekjelder i Eid og Kvinnherad kyrkje

I desember 2020 lyse riksantikvaren ut midlar til støtte for utskifting av varmekjelder i kyrkjer som er bygd før 1850. Vi søkte og fekk stønad for å skifte varmekjelder i Kvinnherad kyrkje i Rosendal og Eid kyrkje på Halsnøy. Vi fekk tilskot til begge desse kyrkjene og innan året var omme var det montert i begge kyrkjer.

Vi har då fått skifta ut gamle røyromnar frå 1950-talet til meir moderne benkevarmarar. Dette var ei kostbar investering som vi ikkje kunne prioritert utan tilskotet frå riksantikvaren.

Vi får truleg to viktige resultat av dette. Det eine er mindre straumforbruk og det andre er redusert risiko for brann.

Det er to lokale elektrofirma som har utført arbeidet.

3. Sprinklaranlegg i Ænes kyrkje

Ænes kyrkje fekk dette året ei million-gåve frå Bara-gruppen ved Knut Galtung Døsvig. Det vart montert eit nytt og moderne sprinklaranlegg i kyrkja. Ænes er det eldste bygget vi har og det er flott å få brannsikre dette på denne måten. Samtidig er det svært arbeidskrevjande.



For å få naudsynt mengde vatn til bygget måtte det gravast både utanfor og innanfor kyrkjemurane. Det er ikkje berre enkelt når det er så gamle kulturminne som Ænes kyrkje. Utanfor murane måtte arbeidet overvakast av kulturminneavdelinga i Vestland fylkeskommune, medan graving på innsida av murane måtte gjerast av arkeologar. Det vart såleis eit tidkrevjande arbeid. Hausten 2021 vart anlegget overteke.

Cowi vart nytta som konsulent medan Skåtun VVS A/S hadde ansvar for gjennomføringa. Fellesrådet er svært takksame for denne gåva.

4. Nytt kjøkken – Valen kyrkje

Valen kyrkje er den av kyrkjene våre som er mest i bruk gjennom eit år om ein reknar med alle samlingar. Det er ei kyrkje som i tillegg til gudstenester og kyrkjelege handlingar mellom anna nytta vert nytta til barne- og ungdomsarbeid.

Våren 2021 vart kjøkkenet bygd ut ved at ein bygde inn eit overbygg i kyrkja. Kjøkkenet fekk så ny kjøkkeninnreiing og ny oppvaskmaskin og vaskelinje. Det framstår nå som eit mykje meir tenleg og moderne kjøkken. Saman med kyrkjestova er det no og eit lokale som i større grad kan nyttast til ulike sosiale samkome.

Finansieringa av dette har vore ei deling mellom brukarane av kyrkja og kyrkjeleg fellesråd gjennom investeringspotten for vedlikehald av kyrkjer. Kyrkjelydslaget sitt bidrag på 150 000,- var ei gåve frå stiftinga Fjelberg kraftlag. Husnes og Holmedal sokneråd bidrog med 20 000,-. Arbeidet er utført av våre eigne tømrrarar.



Nytt og utvida kjøkken ved Valen kyrkje

5. Delvis nytt elektrisk anlegg - Ølve kyrkje

Vi har hatt utskifting av noko av det elektriske anlegget i Ølve kyrkje på prioriteringslista over tid. Dette gjeld i hovudsak leidningsnettet fram til lysekronene og soklar for lyspærer. Hausten 21 måtte dette framskundast då lysekronene brått vart mørklagde.

Dette arbeidet var ikkje så omfattande at vi kunne nytta investeringsmidlar. Det vart difor utført over driftsbudsjettet.

6. Nytt lydanlegg – Husnes kyrkje

Våren 21 vart det montert nytt lydanlegg i Husnes kyrkje. Etter diverse utfordringar med lyd i samband med gravferder meinte Røde kors omsorg at Husnes kyrkje burde ha eit betre lydanlegg. På bakgrunn av dette søkte dei støtte frå stiftinga Sparebank-1 slik at dei kunne gje eit nytt komplett lydanlegg til kyrkja. Vi er svært takksame !

7. Kalking/maling utvendig – Ænes kyrkje

Ænes kyrkje vart kalka utvendig sommaren 2021. Dette arbeidet vart utført av Malarmester Meusburger som er lokalisert i Odda. Samstundes vart og den sida av tårnet som var mest slitt malt. Måling av tårnet vart gjort av våre egne tilsette. Kyrkja framstår no mykje meir velstelt. Dette arbeidet vart finansiert gjennom vedlikehaldsmidlar.

Oppsummert

Til tross for at vi har mange bygg og mykje gravplass å vedlikehalde har vi dette året klart både jamt vedlikehald og nokre større løft. Det er krevjande å halde ved like slike store bygg. Særleg gjeld dette middelalder-kyrkjene våre. Dette både med omsyn til økonomi, kunnskap og kapasitet. Kyrkjeverje meiner at ansvaret for slike bygg ikkje bør ligge til kommune eller fellesråd, men til eit meir sentralt organ. I samband med høyring av ny kyrkjeleg struktur dette året nytta vi høvet til å hevde dette.

Med hjelp av økonomisk støtte frå andre og overførte investeringsmidlar har vi dette året gjort fleire tiltak som viser igjen. Fellesrådet er takksame for desse gåvene og har etter beste evne prøvd å forvalte dei slik at det vert brukarane til gode.

Det er kyrkjeverje si klare oppfatning av at vi i utgangen av 2022 har gravplassar og kyrkjebygg som er i rimeleg god stand. Samtidig ser vi store vedlikehaldsbehov fram i tid.

5.0 Økonomi

I hovudsak kan vi dele den økonomien som fellesrådet rår over i to deler. Drift og investering. Kommunestyret løyver pengar til drift og ein samlepott til vedlikehald av kyrkjer. Samlepotten til vedlikehald er ein del av kommunen sitt investeringsbudsjett og det er fellesrådet si oppgåve å prioritere innanfor dette.

Det er og eit eige rekneskap for trusopplæring. Dette vert rapportert til bispedømet.

Kyrkjevevje vil i årsmeldinga knyte nokre kommentarar til rekneskapen. I hovudsak vert dette gjort i høve til driftsbudsjettet.

5.1 Drift

I hovudsak er fellesrådet sine inntekter henta frå tilskot frå kommunen som for 2021 var vel 10 million. I tillegg har Kvinnherad kyrkjelege fellesråd ei inntekt på om lag kr 1 270 000 i festeavgift. Dette er dei midlane vi rår over og som vi skal drifte kyrkjer og gravplassar for.

Året 2021 starta ved at vi fekk ei redusert løyving frå kommunen i høve kommunedirektøren sitt framlegg. Fellesrådet som då hadde lagt budsjett for året hadde då eit møte kor vi gjorde nokon grep for å ha eit budsjett som kunne vera realistisk. I ettertid ser vi at det var heilt naudsynt. Om vi hadde kravd inn festeavgift for 5 år i staden for 10 år slik det var lagt opp til ville det gitt oss over kr 600 000,- mindre i inntekter.

Eit anna grep vi gjorde i januar var at vi slutta å dekkja kostnaden ved kremasjon. Vi kan ikkje sjå at dette på nokon måta har påverka kor mange som vel kremasjon. Det har heller ikkje vore noko spørsmål kring dette.

Når vi nå summerer opp ser vi at vi har lukkast rimeleg godt med å halde budsjett. Etter at rekneskapen er gjort opp sit vi med eit overskot på om lag 90 000,- Det vil då seie at vi har brukt opp over 99 % av løyvinga frå kommunen.

Dette resultatet kjem ikkje av seg sjølv. Vi har heile året vore sparsame og vurdert all pengebruk nøye. Samstundes er det to faktorar som vi gjerne skulle vore forutan som har slått positivt ut i høve det økonomiske resultatet.

Det første er pandemien. Denne har ført til langt færre kyrkjelege handlingar enn vanleg. Det betyr mindre oppvarming av kyrkjene og mindre utbetaling av høgtidstillegg og engasjement utanom dei fast tilsette.

Det andre er sjukemelding. Innan trusopplæringa har vi hatt sjukemelding det meste av året. Det har ført til at vi har sjukerefusjonar som vi har nytta til ekstra lønsmidlar. Når kapasiteten har vore til stades har andre tilsette gjort teneste innanfor trusopplæring. Då har vi og overført lønsmidlar frå trusopplæringa.

Til tross for pandemien har straumutgiftene vore langt høgare enn budsjett. Dette skuldast både at 2021 var ein kald vinter og at straumprisen på slutten av året var langt høgare enn vi hadde sett føre oss.

Også innanfor pensjon ser vi at utgiftene har vore større enn vi har budsjettert med i 2021.

Det vanlege driftsnivået vårt er framleis for høgt i høve til inntektene. Eit av tiltaka vi gjer for å bøta på dette er å nytte våre egne tilsette på investeringsprosjekt. Dette gjeld både til prosjektering og gjennomføring. Dette har vi gjort i 2021 og det er heilt avgjerande at vi og i framtida gjer dette.

5.2 Investering

I tillegg til tilskot til drift yt kommunen og tilskot til investering. Dette vert nytta til større vedlikehaldsprosjekt. I 2021 fekk vi tildelt 1. million kroner til dette. I tillegg hadde vi med oss ubrukte investeringsmidlar. Til tross for stor aktivitet dette året har vi og fått inntekter gjennom refusjonar frå tidlegare prosjekt og prosjekt som er utført i 2021. Det betyr at vi og neste år kan ta sikte på å nytta pengar til å vedlikehalde bygg gjennom ulike prosjekt.

6.0 Aktivitetar i 2021

Også dette året vart mykje prega av avlysingar og redusert kapasitet i kyrkjene pga covid-19. Særleg på vårparten vart mykje av aktiviteten ramma av dette. Ofte vart den ordinære gudstenesta avlyst men ein gjennomførte eigne dåpsgudstenester. Ein kort periode gjennomførte me gudstenester, men med t.d. maks 10 personar og påmelding. Også gravferdene vart gjennomførte med svært avgrensa kapasitet på frammøtte.

Avlyste gudstenester, konfirmant-undervisning og andre samlingar førte til at me måtte vidareføra bruken av den digitale sendeflata. Noko av undervisninga for konfirmantane føregjekk digitalt og utover heile våren spelte me inn digitale ord for helga frå ulike kyrkjer rundt i heile kommunen.

Då påsken kom måtte me annonsera med at «Grunna covid-19 vert det ingen fysiske gudstenester denne påsken.» Alt som kunne avlysast skulle då avlysast. Streama gudstenester utan fysisk kyrkjelyd tilstades vart løysinga både Skjærtorsdag, langfredag og 1. påskedag. I tillegg vart det spelt inn ei digital påskesamling der me gjennom song, musikk, dikt og bibeltekstar gjekk gjennom heile påskebodskapen.

Frå mai og utover opna det litt opp, men framleis måtte me drive med registrering av frammøtte. Ei anna utfordring var at «Arrangement skal berre vera for personar frå same kommune.» Då nasjonaldagen kom hadde me ei blanding av fysiske gudstenester, streama gudstenester og digitalt ord for dagen. Ved nokre kyrkjer hadde ein ei enkel gudsteneste «på kyrkjetrappa».

Då juni kom fekk ein endeleg gjennomført «Forsinka Vårtonar» i Husnes kyrkje med orgelmusikk og bilder på storskjerm, og i Kvinnherad kyrkje kunne ein invitera til konsert med Kari Malmanger.

Utover sommaren var det nokre vigslar i kyrkjene våre, nokre av desse var utsett frå 2020. Framleis var det ein del brudepar som ville utsetje endå lenger. Då i påvente av betre tider der ein kan fylle kyrkjene med fleire gjester.

I 2020 vart konfirmasjonane flytta til hausten. Slik vart det også dette året. Siste helga i august og nokre helger framover gjennomførte me alle konfirmasjonane, men kun for inviterte gjester til ein av konfirmantane.

Så var det mulig å gjennomføra nokre konsertar igjen. I slutten av august var det konsert med vokalgruppa Glimrah og Eva Megyesi i Husnes kyrkje og i september var det konsert med Ingebjørg Andrea Ådnanes og Simon Madsen i Valen kyrkje. Lansering av boka om Ove Tvedt og temakveld kunne og folk oppleve i slutten av september, og då oktober nærma seg slutten fekk me besøk av Lina Håland og Bjarte Lending som hadde konsert i Valen kyrkje saman med Audun Tvedten. I oktober hadde me og ein salmekveld i Uskedal kyrkje og i november kunne folk bli betre kjent med sokneprest Carsten Mrusek då Uskedal sokneråd inviterte til temakveld med tema «Frå tysk katolisisme til norsk lutherdom».

Det var godt å oppleve at ein kunne invitera til konsertar og samlingar igjen. I dette tidsrommet kom konsertane på rekke og rad; Haustkonsert med Cantus Firmus og Glimrah,

Julaften vart det ikkje digital samling, men gudstenesta i Rosendal vart streama. Dette året hadde me fysiske gudstenester i alle kyrkjene våre, men med påmelding og restriksjon på antal plassar.



7.0 Årsmelding frå Trusopplæringa i Kvinnherad 2021

Stillingane i trusopplæringa er uendra frå 2020 til 2021. Kristine Hestad 80% einingsleiar, Toril Langeland 80% trusopplærar og Marit Lindekleiv 10% i trusopplæringa. Grunna sjukemelding har vi leigd inn Oddbjørg Heimark til å vera med noko i trusopplæringa. Marit Lindekleiv har også vore med noko meir enn 10%.

2021 både starta og avslutta med ned kraftig nedstenging av landet. Til tross for dette har vi fått gjennomført ein god del trusopplæringstiltak.

Vi gjennomførte Biblo-samling for 7 og 8 åringar i Uskedal, Valen og Kvinnherad kyrkje i mai månad. Dette er ei samling med bibelfortelling, songar og lek. Borna fekk utdelt Biblo-byggesettet når samlinga var slutt. Dette fordi vi ikkje kunne oppretthalde avstand etter smittevern-reglande ved slike aktivitetar.

Tårnagent samling for 9 og 10 åringar hadde vi i mai/juni i Uskedal og Kvinnherad kyrkje dette året. I Husnes kyrkje var det berre for 9 åringar. I år hadde vi berre ei samling på 2 timer ein ettermiddag på ein kvardag. Dette for at vi ikkje kunne samla så mange, og vi kunne heller ikkje servera mat. Vår vurdering var at det var betre å ha kortare, og heller fleire samlingar. Det vart ikkje så mange som meldte seg på, men kjekke samlingar der vi fekk sjå oss om i kyrkja og lærte om pinsa sitt innhald.

Krølletreff for 1, 2 og 3 åringar hadde vi i juni i Eid, Uskedal, Valen x2 og Kvinnherad kyrkje. Her hadde vi forteljing om sauene som vart borte. Vi song og hadde lek med fallskjerm. I Valen delte vi opp gruppa under forteljardelen. 1 og 2 åringane var att i kyrkjeskipet og hadde ei enkel forteljing og leika. 3 åringane var i kyrkjestova og hadde ein meir detaljert forteljing.



Krølletreff i Valen kyrkje

I september var det skulestart-gudsteneste for 6 åringane i Eid, Valen og Kvinnherad kyrkje. Desse vart arrangert på ettermiddagen ein kvardag. Sakkeus var tema. Elles snakka vi og om at alle treng vener og at det er spennande å begynna på skulen.

Babysang hadde vi i Valen kyrkje og på Rosendalstunet. Vi hadde samling 4 gonger frå september til november. Vi fekk tilbakemelding om at dette var eit tilbod som mange var glad for.

4 åringane fekk boka «Fest på Slottet» på ei samling ein kvardagsettermiddag i oktober. Dette var i Valen og Kvinnherad kyrkje. Samlingane består av bibelfortelling, song og lek.

På Eid hadde vi samling for 4 og 5 åringar ilag ein måndag ettermiddag. Dette for at det var såpass lite 4-års kull, så det var greitt å ha dei saman. 4 åringane fekk bok og 5 åringane DVD om Kirkerottene. Etter samlinga fekk alle kveldsmat som soknerådet stod for.

5 åringane hadde og ei samling i Valen og Kvinnherad kyrkje i november. Der dei fekk DVD av Kirkerottene. Samlingane er like som samlingane for 4 åringane, men ei anna bibelfortelling.

Åkra har også i år hatt familiegudsteneste ein søndag i oktober, der soknerådet deler ut bøker og anna til alle mellom 0-12 år. I år var det 100 % oppmøte. Det var veldig kjekt. Om lag 14 dagar etterpå var trusopplæringa på samling ein ettermiddag for dei frå 0-8 år. Der hadde vi om sauen som forsvann og dei fekk bok og sau med seg heim. Etter samlinga hadde soknerådet pizzabollar til oss.



Lys Vaken for 10 og 11 åringar hadde vi i Hatlestrand kyrkje ein fredagskveld i november. Det vart ikkje overnatting da vi mangla nattevakter, men hadde ei kjekk samling frå kl 19-23. Vi hadde bibelfortelling om Samuel, laga julekort, song «Lys vaken-songen» og hadde leikar og konkurransar.

Lys Vaken hadde vi og i Valen kyrkje for 10 åringane. Denne samlinga var frå fredag til laurdag ei helg i desember. Mange foreldre var glade for at vi hadde fredag til laurdag. Det var ein kjekk gjeng. Vi hadde bibelfortellingar, konkurransar, leikar og laga julegodteri.

Lys Vaken Valen

Småbarntreff har no blitt flytta frå Uskedal bedehus til Rosendal bedehus. Det har ikkje blitt mange samlingar pga pandemien men vi prøvde med 3 samlingar i november og desember. Det var berre på den eine samlinga i november det kom folk. (Det var ein del smitte i Kvinnherad i den perioden, så kanskje folk var redde for å møtast.)

Konfirmantane har hatt noko fysisk undervisning og noko på nett i 2021. Konfirmasjonane blei i august og september også dette året.

Konfirmantane 2021/22 frå Husnes og Holmedal sokn og Fjelberg og Eid sokn fekk reisa på leir på Brandøy i september. Det var kjekt å begynne konfirmantåret med leir. Då blei dei kjent med oss og kvarandre på ein fin måte.

Laurdag 13. november var alle konfirmantane i Kvinnherad og Etne samla til ei storsamling i Valen kyrkje der «Farmenpresten» Thor Haavik med team hadde samling. Temaet var «Gode grunner for å tru på Gud». Fleire sokneråd og foreldre stilte opp å serverte pølse i brød og sjokoladecake.



Gudsteneste med Thor Haavik

Etter samlinga var den årlege Nattcupen i Husneshallen. Mange konfirmantar og andre stilte lag. Der var også Thor med å snakka med folk og hadde ei helsing i opningsshowet.

I mars hadde konfirmantane i Kvinnherad, Uskedal, og Ænes sokn samling i Rosendal bedehus der dei lærte om kor viktig Bibelen er for mange folk. Spesielt der kristendom er forbudt. Dei høyrte også om ulike som hadde smugla med seg biblar inn i land der det var forbudt. Etterpå skulle dei prøva å smugla med seg så mange biblar dei fekk, frå bedehuset og opp i kyrkja. Dei måtte gjennom fleire kontrollpostar.

Barnesang på Hatlestrand fekk vi ikkje til i 2021. Dette fordi vi har hatt langtidssjukemelding blant tilsette. Dette håper vi at vi kan få dette i gang att i 2022.

For dei sokna som har fått lite oppfølging frå trusopplæringa i 2021 har prestane hatt utdeling av bøker ol. til 0-9 år i familiegudsteneste i Ølve og Varaldsøy kyrkje 9 januar 2022.

Ænes sokn skulle få bøker ol. til alle i barneklubben som kyrkjelydssekretær Oddbjørg driv i Mauranger, men vart stengt ned før det vart gjort. Håper å få desse ut til medlemene på nyåret når vi får lov å ha samlingar att.



Grensekontroll Kvinnherad kyrkja

8.0 Sluttord

I fjor skreiv kyrkjevevje i sitt sluttord at 2020 hadde vore eit spesielt år. 2021 har ikkje vore mindre spesielt. Det har vore krevjande å drive kyrkje. Vi vil ikkje, og kan ikkje stengje ned.

Kyrkja sitt bodskap er for alle menneske i alle situasjonar gjennom alle tider. I tillegg har kyrkja i vår tid, i vårt samfunn ein samfunnskritisk funksjon i høve gravferder og gravlegging. Vi har gjennom heile pandemien hatt den kapasiteten som det har vore trong for innanfor dette feltet.

Samla sett meiner kyrkjevevje at vi kan sjå tilbake på eit år kor kyrkja i Kvinnherad har klart seg godt. Vi er eit sett med medarbeidarar innan ulike fagområde som og er klar for å drive kyrkje i åra som ligg framfor oss.

Godkjent i møtet i fellesrådet 07.03.2022

Torstein Aarthun

Kyrkjevevje / dagleg leiar

Terje M Enes

Leiar Kvinnherad kyrkjelege fellesråd